



Helseplattformen Status veke 25

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune

Innhald

- 01 Overordna status
- 02 Plan vidare
- 03 Vanylven HP i fokus



Overordna status

Sju veker med full drift av Helseplattformen er gjennomført, og status for drifta er god. Vi opplever lite problem i drifta, og det er lite som vert innrapportert av problem og feil i systema.

Vi er framleis avhengige av samarbeid og kommunikasjon når ein opplever problem i systemet. Difor er det viktig at de framleis nyttar innrapporteringskanalen når de identifiserer noko som ikkje er som det skal.

Vi oppmodar dykk til å dele erfaringar og tips med kvarandre. Slik kan alle dra nytte av den kunnskapen kvar og ein får med bruk av Helseplattformen. Når du lurar på noko i bruk av systema, oppmodar vi også til å spørje om hjelp frå kollegaer. Saman er vi sterkare!



Plan vidare

Innføringsperioden er no gjennomført, og bortimot alle arbeidspakkar er fullførte. Vi er no over i driftsfasen, og fokuset er å sikre god og sikker drift i heile helsesektoren med Helseplattformen.

Vi arbeider med å etablere ein lokal driftsorganisasjon som skal handtere drifta lokalt. Denne skal samarbeide med Helseplattformen sin driftsorganisasjon og vidareføre handteringa av innrapporteringar. Denne skal også etablere rutinar for drift, støtte, prosedyrar, koordinere vidare opplæring og drive samhandling mellom leverandørar.

I driftsfasen ligg fokuset på å realisere gevinstane frå det arbeidet som er lagt ned i innføringsprosjektet. Noko som har vore i fokus og omtala i innføringsfasen.



Vanylven på Plattformdagene



Vanylven kommune deltok på Plattformdagane som EHIN arrangerte i Trondheim arrangerte 4. og 5. juni 2024. Her var kommuneoverlegen og kommunedirektøren invitert for å fortelle om tenestereise til kommunen for innføring av Helseplattformen for kommunehelsetenesta samt Helseplattformen sin fastlegepilot.

Kommunedirektøren innleia den digitale historiefortellinga frå Vanylven kommune, som starta med digitalisering gjennom fiberutbygging; deretter utflytting av fagapplikasjonane på skya og ikkje minst reisa det siste året som er gjort for å flytte helse- og omsorgstenestene til Helseplattformen.

Kommuneoverlegen hadde deretter eit innlegg om innføring av fastlegepiloten, med dei fordelane som denne løysinga gir for våre innbyggjarar og ikkje minst kor viktig det er å vere operativ med eit nytt system når eldrebølgja kjem til Vanylven. Fastlegepiloten sikrar nå at legane, ambulansetenesta, sjukehusa, institusjonane og helsetenestene alle har den same digitale journalen om innbyggjarar som treng helsehjelp.

God morgon Møre og Romsdal

Distriktsprogram

Møre og Romsdal



Hør Distriktsprogram - Møre og Romsdal (radio) i

NRK Radio

Vanylven får ros og kommunedirektøren var på NRK

Kommunen fekk mykje ros og gode tilbakemeldingar på våre bidrag i Trondheim desse dagane. Kommunedirektøren var også intervjuet på NRK Møre og Romsdal 5. juni 2024, der vi på nytt uttrykte taknemlegheit for å kunne vere den først kommunen i Norge – og ein av få plassar i verda – der vi no har «ein innbyggjar – ein journal». Vidare viste vi forståing for den situasjonen som sjukehusa står i, der Helseplattformen skulle erstatte 80 digitale løysingar

Vanylven kommune er no også representert i samarbeidsrådet for Helseplattformen, der kommunedirektøren er innvald og kommunedirektøren var på sitt første møte 7. juni 2024 – der mellom anna utvikling av Helseplattformen vidare var drøfta. Det var her vist til at i løpet av 2024, så vil 75 % av befolkninga vere med i Helseplattformen.

Trykk her eller scan koden for å høre intervjuet på NRK

